Norsk kulturskoleråd Vestland møtte stortingsrepresentantane for Sogn og Fjordane

OSLO: Jakob Bjelland og Trude Skarvatun frå Norsk kulturskoleråd Vestland samd rådgjevar Kristin Geiring i Norsk kulturskoleråd, saman med Arild Bjørkelo – NMH-student og tidlegare kulturskuleelev – møtte 11. januar de fire stortingsrepresentantane for Sogn og Fjordane.

Dei fire representantane var *(f.v. på bildet)* Erling Sande (Sp), Torbjørn Vereide (A) , Olve Grotle (H) og Alfred Bjørlo (V).

Saman med medstudent Elias Voll *(begge frå Gloppen, red.anm.)*, presenterte perkusjoniststudenten Bjørkelo eit kunstnerisk innslag. Bjørkelo delte sine erfaringar med politikarane både med omsyn til det positive og dei utmaningane kulturskuleeleven møter.

Styremedlem Trude Skarvatun presenterte status for kulturskulane i Sogn og Fjordane og kva for mulighetsrom det tredje lovpålagde skuleslaget har i kommunen.

Jakob Bjelland, tidligare styreleiar i Norsk kulturskoleråd Vestland, vart nett før jul utnemnt til statssekretær i Samferdselsdepartementet. Av den grunn lyt han gå av som styreleiar, men fekk dispensasjon frå statsministeren sitt kontor til å ta del i dette møtet, som var beramma før han tiltrådte.

Bjelland lyfta fram utviklingsområder vedteke på årsmøtet i Norsk kulturskoleråd Vestland i oktober 2021 samd Kulturskolerådet sitt høyringsinnspel på ny opplæringslov.

Politikarane fekk elles desse «utfordringane»:

- Meld. St.18 (2020-2021) Oppleve, skape, dele — Kunst og kultur for, med og av barn og unge: Eit samrøystes Storting slutta seg til at «Kulturskule for alle» skal vera visjonen for kulturskulane
- Status: 13 prosent av elevane har plass i kulturskulen
- Skal visjonen bli realisert må det arbeidast målretta med nye grupper, utvikla nye tilbod/kompetansar og ein må utvikla betre samarbeidsformer
- 80 millionar kr i årlege, søkbare utviklingsmidlar vil setja kulturskulen i stand til å nå Storting og regjering sine høge ambisjonar

Det skal ha vore god dialog i møtet, med relevante spørsmål frå politikarane med fokus på utvikling av det tredje lovpålagde skuleslaget.

Foto: stortinget.no